



MODALEN KOMMUNE

**Modalen Barnehage
5729 Modalen**

Tlf. 56 59 91 90

VEDTEKTER FOR MODALEN BARNEHAGE

Vedteke i kommunestyret.....
Verknad f.o.m.....

Innleiing

I fylgje Lov om barnehager §7 skal barnehagen ha vedtekter fastsatt av eigar. Vedtektene skal innehalda bestemmelsar om barnehagen si drift, og gje opplysningar som er av betydning for foreldra/ dei føresette sitt forhold til barnehagen.

§1 Eigartilhøve

- a) Modalen kommune står som eigar, og driv barnehagen
- b) Kommunestyret har det politiske ansvaret for barnehagedrifta og godkjenner vedtektene

§2 Føremål

Barnehagen si drift skal vera i samsvar med Lov om barnehager, og skal byggja på dei kristne grunnverdiane. Barnehagen skal være eit pedagogisk tilrettelagt tilbod der barn under opplæringspliktig alder får gode utviklingstilhøve.

§3 Foreldremedverknad

For å sikre samarbeid med heimen skal barnehagen etter lova ha eit Foreldreråd og eit Samarbeidsutval.

Foreldreråd

Alle foreldre/føresette er automatisk medlemmer av foreldrerådet, og kvart barn utgjer ei stemme. Foreldra skal få lagt fram for seg, og kan gje uttale i alle saker som verkar inn på tilhøva for barna, og tilhøva mellom foreldra og barnehagen.

Samarbeidsutvalet

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval, jfr. "Lov om barnehagar" kap II §4. Foreldre og tilsette vel sine representantar til samarbeidsutvalet. Kommunestyret nemner opp representantar frå kommunen.

I samarbeidsutvalet sit fylgjande:

- 1 representant oppnemnd av og frå foreldra
- 1 representant oppnemnd av og frå kommunestyret
- 1 representant frå dei tilsette

Styrar er sekretær for samarbeidsutvalet og har uttale og forslagsrett.

Alle medlemmene har personlege varamedlemmer.

Utvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ, og arbeida for å fremja kontakten mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

Representantar for foreldre/føresette, og for tilsette, vert valde for ett år om gongen. Styrar syt for at det vert vald samarbeidsutval, kallar inn til møte, og er sekretær.

§4 Leike og opphaldsareal

Normen for arealunytting er minimum:

6 m² for barn under 3 år.

4,5 m² for barn over 3 år.

Uteleikeområdet ligg i tilknytting til barnehagen og skal tilsvare min. 6 gonger innearealet.

§5 Personalet

Personalet vert tilsett etter dei til ei kvar tid gjeldane retningslinjer/vilkår i Modalen kommune og krav til utdanning. Rådmannen kan gje dispensasjon frå utdanningskravet inntil 1 år om gongen, dersom det ikkje er søkjarar med godkjent utdanning.

- dei som vert tilsett i barnehagen, skal leggja fram politiattest etter krav i Barnehagelova
- tilsette i barnehagen har teieplikt etter reglane i Forvaltningslova
- tilsette er likevel ikkje hindra av teieplikta ved opplysningsplikt til barneverntenesta.

§6 Bemanning

- Norma for pedagogisk bemanning er 1 førskulelærer pr. 14-18 barn over 3 år, og 1 førskulelærer pr. 7-9 barn under 3 år.
- Ein vil arbeida for til kvar ei tid å ha to pedagogar på kvar avdeling.
- Barn under 3 år tel for 2 plassar, barn over 3 år tel 1 plass. Barn som er fødte i perioden januar til og med juli tel som 3-åringar frå 1.januar det året dei fyller 3 år. Barn som er fødte i perioden august til og med desember tel som 3 åringar frå 1.august det året dei fyller 3 år.
- Samla bemanningsnorm er 5 plassar pr. vaksen

§7 Opptaksområde

Barnehagen har Modalen kommune som opptaksområde. Barn som er busette og registrerte i Folkeregisteret i kommunen skal prioriterast ved opptak framfor barn i andre kommunar.

§8 Opptak av barn

- Søknad om opptak skal førast på fastlagt elektronisk skjema via kommunen sine nettsider.
- Hovedopptaket er 1.mars, og gjeld frå nytt barnehageår. Barnehageåret fylgjer tidspunkt for skulestart kvar haust. Dersom ein har ledige plassar, tek ein opp nye søkjarar fortløpande i barnehageåret.
- Søkjarar som har fått innvilga plass, og har teke i mot, beheld plassen til plassen vert sagt opp, eller fram til barnet tek til i grunnskulen.

- Søkjarar frå andre kommunar som har fått innvilga plass beheld plassen så lenge finnansieringsavtale med bustadkommune er gjeldande.
- Opptaket vert gjort administrativt. Dette gjeld også barn som vert teke opp i løpet av barnehageåret. Styrar set opp oversikt over søkerane og lagar innstilling.
- Dei som får tilbod om plass, må gje skriftleg melding innan 2 veker, om dei tek i mot plassen. Dersom barnehagen ikkje får slik tilbakemelding kan ein mista plassen.
- Ynskjer ein å endra opphaldstilbodet sender ein skriftleg søknad om dette til styrar, med minimum 1 månads varsel.
- Dersom det er ledig plass, kan styrar gje høve til kjøp av dagopphald for barn. Foreldra må avtale med styrar kvar gong dei ynskjer å kjøpe dag. Betaling for dette går fram av foreldrebetalingssatsane.
- Oppseiing av plassen skal gjevast skriftleg til styrar. Oppseiinga gjeld frå den 1. i månaden etter at oppseiing er motteken. Oppseiingstida er 3 månader.
- Ein kan søkje om barnehageplass frå barnet er 10 månader. Når særlege tilhøve gjer seg gjeldane, kan yngre barn gjevast opptak, etter vurdering av styrar.
- Barn som skal byrja på skulen har plass i barnehagen fram til planleggingsdagane i august.

Klageinstans for klage på opptak, er Modalen Formannskap. Klagefrist er 3 veker etter at ein har mottatt meldinga.

Inntakskriterier:

Dersom barnehagen ikkje kan gje plass til alle som søker skal desse gjevast prioritet i slik rekkefylje:

1. Funksjonshemma barn
2. Barn med spesielle behov, med tilråding frå offentleg instans
3. 5 åringane
4. Barn av åleineforeldre
5. Syskjen til dei som allereie har plass

§9 Mattilbod

- Måltid og frukt er ein del av barnehagetilbodet, og ikkje noko foreldre kan reservera seg frå.
- I barnehagetilbodet inngår frukost, lunsj og frukt. Mattilbodet er basert på kostråd frå Nasjonalt råd for ernæring.
- Har borna allergiar eller særskilte diettar, og av den grunn treng spesielle matvarer, må foreldra sjølv seie for dette.

§10 Foreldrebetaling

- Foreldrebetalinga vert fastsette av Modalen kommunestyre. Dette gjeld også reglar for syskjennmoderasjon og redusert foreldrebetaling for foreldre med låg betalingssevne.
- Kommunen krev betaling for 11 månader, juli månad er betalingsfri.
- Matpengar vert fastsett av kommunestyret.
- Foreldre som ikkje hentar borna innan opphaldstida er slutt vert ilagt eit gebyr. Storleiken på gebyret vert regulert i samband med fastsetjing av foreldrebetalingssatsane, jfr. fyrste strekpunkt§10.

§11 Ferie

- Barna skal i løpet av året ha minst 4 veker ferie.
- Minimum 3 veker skal avviklast samanhengande i skulen sin sommarferie. Styrar syt for bindane kartlegging av kor tid barna skal ha sommarferie innan 15.april. Om ikkje foreldra svarar innan fristen, vert borna sett opp med 3 veker ferie i juli. I skulen sin sommarferie kan barnehagen stengja dei vekene det er mindre enn 4 born.
- Barnehagen er stengt i veke 29

§12 Dagleg opphaldstider og årleg opningstid

- Barnehageåret startar opp samtidig med nytt skuleår, og barnehagedagane går fram av skule- og barnehageruta.
- Opningstida er frå 7.00-16.30, mandag til fredag.
- Ein kan velgje mellom 2 ulike tilbod:
 - Fulltidstilbod med 5 dagar pr. veke
 - Deltidstilbod med 3 dagar pr. veke
- Barnehagen har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår. Då er barnehagen stengt. Desse dagane går fram av skule- og barnehageruta.
- I samband med skuleferie og høgtider vert det kartlagt kor mange barn som ikkje ynskjer å nytta plassen i det aktuelle tidsrommet. Dette vert gjort for å sjå moglegheita for å avvikla ferie og avspasering blant personalet.
- Barnehagen stenger kl.12 onsdag før skjærtorsdag.
- Barnehagen er stengt julafta og nyttårsafta.
- Barnehagen og skulen har eit samarbeid i feriar.

§13 Teieplikt

Dei som handsammar saker i samband med barnehagen, har teieplikt i samsvar med Forvaltningslova og Lov om barnehage.

§14 Internkontroll

Barnehagen fylgjer kommunen sitt internkontrollsystem

§15 Forsikringar og ansvar

Modalen kommune ser det som svært viktig at alle barn har ei sikker ramme rundt opphaldet i barnehagen. Kommunen har difor teikna forsikring for den tida barnet oppheld seg der. Aktivitetar og tilbod i regi av barnehagen er dekt av forsikringa. Modalen kommune tek atterhald om folketrygda og forsikringsselskapa gjer sine egne vurderingar av dekningsgraden i den enkelte forsikringssaka. Utfyllande reglar om dekninga finn ein både i folketrygdelova og forsikringsavtalen.

§16 Iverksetjing og endringar i vedtektene

Desse vedtektene vert gjort gjeldane frå.....

Endringer i vedtektene kan berre gjerast av Kommunestyret, etter uttale frå Samarbeidsutvalet.